


Styrkt samarbeid mellom kommunane og Statsforvaltaren i arealsaker

Hardingtinget 13. februar 2026

assisterande statsforvaltar Gunnar O. Hæreid



Statsforvaltaren i Vestland





Rollene til Statsforvaltaren

1. **Sektorstyresmakt** på ei rekkje viktige område (for 14 departement og ti direktorat og sentrale tilsyn)
2. **Regional samordningsstyresmakt for staten**; dvs. statleg samordning og samarbeid overfor kommunane
3. **Rettstryggjeleksstyresmakt** som klageinstans og som **tilsynsstyresmakt** m.a. på viktige velferdsområde
4. **Verka til gagn og beste for fylket og ta dei initiativ som krevst** som regjeringa sin representant for å utvikla fylket
5. **Halda sentrale styresmakter orientert** om viktige spørsmål i fylket og **formidla informasjon til kommunane om det som gjeld deira verksemd**




Statsforvaltaren har oppgåver innan


- klima og miljø
- verneforvaltning
- planmedverknad og byggjesak
- landbruk
- verjemål
- samfunnstryggleik og beredskap
- kommunedialog og kommuneøkonomi
- utdanning og barnehage
- helse-, sosial og barnevern
- og mykje anna



Folketal pr	01 01 24
4601 Bergen	291 940
4602 Kinn	17 349
4611 Etne	4 072
4612 Sveio	5 742
4613 Bømlo	12 268
4614 Stord	19 287
4615 Fitjar	3 203
4616 Tysnes	2 922
4617 Kvinnherad	13 089
4618 Ullensvang	11 017
4619 Eidfjord	968
4620 Ulvik	1 089
4621 Voss	16 471
4622 Kvam	8 496
4623 Samnanger	2 502
4624 Bjørnafjorden	26 080
4625 Austevoll	5 300
4626 Øygarden	39 768
4627 Askøy	30 145
4628 Vaksdal	3 852
4629 Modalen	384
4630 Osterøy	8 200
4631 Alver	29 986
4632 Austrheim	2 881
4633 Fedje	519
4634 Masfjorden	1 694
4635 Gulen	2 234
4636 Solund	750
4637 Hyllestad	1 268
4638 Høyanger	3 879
4639 Vik	2 551
4640 Sogndal	12 319
4641 Aurland	1 800
4642 Lærdal	2 160
4643 Årdal	5 239
4644 Luster	5 371
4645 Askvoll	2 986
4646 Fjaler	2 869
4647 Sunnfjord	22 450
4648 Bremanger	3 392
4649 Stad	9 610
4650 Gloppen	5 926
4651 Stryn	7 271
Vestland	651 299



Plansystemet





Kommunen sitt ansvar som planstyresmakt



- **Kommunen er planstyresmakt**

Men:

- må syta for at omsyna i nasjonal politikk vert tekne i vare i planar og vedtak
- må òg ta omsyn til vesentlege regionale verdier når saker skal vurderast lokalt


= kan gjennom god areal- og samfunnsplanlegging, og innanfor nasjonal og regional politikk, sjølv styra utviklinga

Status arealdel til kommuneplan (KPA)

- Heile 27 av 43 kommunar i Vestland har arealdel (KPA) eldre enn ti år (gjeld m.a. **Ulvik, Eidfjord, Ullensvang**)
- I 2024 var det fem kommunar som vedtok ny KPA: Fjaler, Vik, Sunnfjord, Bremanger, Etne. Ingen av desse KPA'ane gjekk vidare til departementet. Dvs. semje lokalt/regionalt
- I 2025 kom ingen kommunar i mål med ny KPA!
- I 2026 kan det i beste fall vere 10-12 kommunar som kan kome langt med å ferdigstille (og vedta?) ny KPA. Dvs. spesielt stor aktivitet for tida

Sjå skravering på dei tolv kommunane som truleg vil ha utlegging av KPA på høyring seinast i 1. halvår 2026: Bømlo, Stord, Bjørnafjorden, Kvinnherad, **Ullensvang**, **Eidfjord**, Osterøy, Alver, Høyanger, Sogndal, Luster, Kinn

Andre kommunar i prosess: M.a. Bergen, Øygarden, Askøy





Statsforvaltaren – roller på planområdet

- Syta for at nasjonale og vesentlege regionale interesser blir ivaretekne (på vegner av KDD, KLD, LMD, HOD, JD, BFD m.fl)
- I samarbeid med fylkeskommunen rettleia kommunane (m.a. om lovpålagde krav i planprosessane)
- Samordna statlege motsegner (delegert frå KDD) – tilbod om dialogmøte
- Sjå til at kommunane oppfyller plikta til planlegging etter lova
- Høve til å klaga på enkeltvedtak om dispensasjonar
- Handsama klager på m.a. vedtak om reguleringsplanar og dispensasjonar (delegert frå KDD)
- Mekla i plansaker dersom uløyste motsegner (delegert frå KDD)

Korleis er Statsforvaltaren involvert i plansaker?



- Skriftleg fråsegn til høyringar – tidleg og tydeleg
- Uformell dialog
- Tilbod om dialogmøte dersom motsegnspunkt frå statlege etatar
- Motsegn dersom ikkje semje i dialogmøte eller justering av planen
- Mekling (1-18 plansaker per år)
- Dersom ikkje semje og kommunen ønskjer å gå vidare med saka:
Oversending til departementet (KDD)



Oppdrag i styringsdokument for 2026 til Statsforvaltaren



- Nasjonale og viktige regionale interesser:
 - Samfunnstryggleik (t.d. naturfare, storulukke)
 - Klimautslepp og naturmangfald
 - Born og unge
 - Folkehelse
 - Arealutnytting i byar og tettstader
 - Strandsone, kystnære sjøområde, fjell og utmark
 - Jordvern
 - Bruk og ombruk av arealressursar

Likevel: Leggja vekt på lokaldemokratiet når det skal vurderast om det skal fremjast motsegn.

Statlege planretningslinjer gjeld for kommunane

- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen (2021)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)
- **Prop.121 S (2022-2023) med oppdatert jordvernstrategi – vedlegg 9 (2023)**



Meir om strandsona

- Tiltak må vera heimla i plan
- Jo lengre unna stranda, jo betre
- Næring er prioritert framføre private tiltak
- Konsentrerte tiltak er betre enn spreidde
- Føremon med markerte skilje for private soner
- Ikkje fylling i sjø

Nasjonale jordvernmål og resultat




Nasjonale jordvernmål:

- 2015 → maks 4000 daa/år innan 2020 (360 daa i VL)
- 2021 → maks 3000 daa per år 2025
 - (270 daa i VL)
- 2023 → maks 2000 daa innan 2030 (180 daa i VL)

Kommunenr og namn	Alt jordbruksareal AR5, dekar 2020	Jordvernmål per kommune, Etter alt jordbruksareal. AR5-tal Dekar/år
4647 Sunnfjord	103 305	18
4631 Alver	87 672	15
4621 Voss	65 021	11
4617 Kvinnherad	45 718	8
4649 Stad	44 599	8
4644 Luster	43 610	8
4650 Gloppen	40 046	7
4651 Stryn	39 812	7
4640 Sogndal	36 708	6
4601 Bergen	31 097	5
4611 Etne	30 609	5
4602 Kinn	30 151	5
4612 Sveio	30 062	5
4624 Bjørnafjorden	27 849	5

Omdisponering av dyrka jord i Vestland 2005 - 2022



Altså:

- Jordvernmålet er svært ambisiøst
- Over tid har omdisponeringa gått ned, men ikkje nok
- Denne utfordringa må me løysa i lag



Motsegn

Viktig for å sikre nasjonale og vesentlege regionale interesser – ein føresetnad for at kommunane kan vedta planar med juridisk bindande verknad

= staten (eller fylkeskommunen) seier stopp for at kommunen kan vedta plan med føreslege innhald





Samordning av statlege motsegner

- Delegering frå departementet (KDD) til statsforvaltarane
- Målet med samordninga er å effektivisera planhandsaminga, få betre planar og vidare unngå unødvendige motsegner
- Statsforvaltaren inviterer til dialogmøte dersom regionale statsetatar har motsegner eller Statsforvaltaren sjølv kan ha potensielle motsegner
- Statsforvaltaren har høve til å avskjera statleg motsegn (skjedd berre ein gong sidan ordninga omfatta alle kommunane i Vestland frå 2019)
- Statsforvaltaren i Vestland har spesielt lagt vekt på dialogmøte
- Viktig at dialogmøte er eit tilbod til kommunane
- Gode tilbaketmeldingar om ordninga – minst ei halvering av reelle motsegner

Navarsete gav eit tips som kan bøta på synfaringar: å senda film, gjerne dronofilm, av det aktuelle området.

– Det du ikkje har sett, har du ikkje vondt av. Ute av syne, ute av sinn, samanfatta ordstyrar Haug.



Sjølvs om ein undertone av frustrasjon og alvor prega ordskiftet, sat låtten laust. Frå venstre: kommunaldirektør Nils Erlind Yndesdal, statsforvaltar Liv Signe Navarsete og ordstyrar og -førar Roald Aga Haug (Ap).


Mekling




- Embetsleiinga meklar
- Fysisk eller digital mekling – lukka møte
- Ofte semje i meklingane
- Men: Stundom anten/eller
- Framleis usemje: Dersom kommunestyret ønskjer det, går planen til KDD (via Statsforvaltaren) for avgjerd

MEKLINGAR I VESTLAND 2020-2025


Tal planar til meklingar Tal planar løyste i mekling



Døme frå 2024: Motsegner (statlege), meklingar mv. i Vestland




Døme frå 2024: Motsegnstema i meklingar - Vestland (tal planar)




STATSFORVALTAREN – PLANAR PÅ HØYRING I 2024

■ Tal planar på høyring i 2024 - Statsforvaltaren

■ Tal planar med motsegn i 2024 - Statsforvaltaren



TAL PLANAR AVGJORDE AV KDD 2020-2025



Forvaltning av planen



- «med plan skal landet byggjast»
- Ny reguleringsplan skal helst vera i tråd med kommuneplan (KPA)
- Grundig prosess dersom reguleringsframlegg ikkje er i tråd med kommuneplan
- Ny kommune- eller reguleringsplan endrar ikkje bruk som er i gang, men vil gje føringar for endringar framover i tid
- Ny reguleringsplan kan gje grunnlag for oreigning i ti år framover



Forvaltning av planen – endring, oppheving, revidering og motstrid



Foto:

- Endring og oppheving: Kommunen kan fram til byggjeløyve er gjeve, endra eller oppheva planar, eller leggja ned mellombels bygge- og deleforbod
- Kommunen pliktar å revidera private reguleringsplanar etter ti år (=«planvask»)
- Motstrid mellom planar:
Reguleringsplan går føre kommuneplan.
Yngre plan på same nivå går føre eldre

Forvaltning av planen - dispensasjon



Snever unntaksregel, dersom to strenge lovtilkår er oppfylte:

1. *«hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt»*
2. *«fordelene [planfaglege]... skal være klart større enn ulempene»*
3. Siste trinn er «kan-skjønn» - først då kan det leggjast vekt på kommunalt sjølvstyre
4. Statsforvaltaren kan klaga dersom nasjonale eller vesentlege regionale interesser vert sette til sides

Oppsummering



- Kommunen er planstyresmakt og har handlingsrom innanfor rammene av statlege planretningslinjer og føringar
- Statsforvaltaren er oppteken av (nasjonale interesser):
 - Samfunnstryggleik (til dømes naturfare, storulukke)
 - Klimautslepp og naturmangfald
 - Bustadsosiale omsyn, også at born og unge bur trygt
 - Folkehelse
 - Arealutnytting i byar og tettstader = busetnad nær senterfunksjonar eller kollektivtilbod
 - Strandsone, kystnære sjøområde, fjell og utmark
 - Landbrukets arealressursar (jordvern)
 - Bruk og ombruk av arealressursar
- Nye planar skal følgjast
- Dispensasjon kan berre gjevast dersom to strenge lovvilkår er stetta
- Tidleg og tydeleg
- God bruk av dialogmøte

Hjantesakk frå tidlegare kommunedirektør LinkedIn 12.02.2026



1. Lokale folkevalde har for lite forståing for at dei forvaltar ein avgrensa del av det som er nasjonal politikk. Dermed endar ein opp med å bruke uforholdsmessig mykje tid på enkeltareal som heilt openbert er i strid med nasjonale føringar.
2. Små og fragmenterte fagmiljø i kommunane.
3. Feil bruk av fylkeskommunal og statleg kompetanse. I dag kjem samordninga til Statsforvaltaren inn for seint og omhandlar då i stor grad område der det er varsla motsegn. Det må vere mykje meir gøy å komme tidleg inn og bidra med nøkkelkompetanse til å synleggjere kvar det lokale handlingsrommet faktisk ligg. Då hadde ein bidrege til løysingar. Tenk òg om plankompetansen i fylkeskommune, SVV, NVE, Statsforvaltar osv. hadde arbeid saman i eitt fagmiljø! I dag får kommunane varsel om motsegn frå desse tre som ofte er heilt eller delvis overlappende. Det er sløsing med ressursar som kommunane hadde trengt til å finne løysingar.

Spørsmål eller kommentarar?



Statsforvaltaren i Vestland

Abonner på nyhende www.statsforvaltaren.no/vl

